



Øystre Slidre kommune

Kulturavdelinga

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

ØYSTRE SLIDRE SKULEKORPS

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

SKAØYS - 26/718

223, C00

05.06.2026

Saksnr.	Utval
42/26	Kommunedirektør v/ opplæring og kultur
149/26	Kommunestyret

Vedtak - Kulturtilskott 2026

Søknadsopplysningar

Kvart år deler kommunen ut kulturtilskot til einskildpersonar, frivillige lag og organisasjonar som bidreg til å skape engasjement og gode fellesskapsopplevingar i kommunen. Tilskotet skal stimulere til varierte og gode aktivitetar og møteplassar for innbyggjarane våre, og kan tildelast tiltak innanfor eit breitt spekter av kulturaktivitetar.

Det kom inn 36 søknadar innan fristen 1. april, med ein samla søknadssum på kr 816.000 – ramma til fordeling er på kr 400.000, og fordelast om lag 50/50 mellom søknadar til idrett og friluftsliv, og til andre kulturaktivitetar.

Vurdering av søknadar:

Søknadane er handsama med bakgrunn i retningslinjene for kulturtilskot i Øystre Slidre kommune.

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-og-fritid/kulturtilskot/>

I årets tildeling har vi særleg prioritert søknadar til tiltak som har som mål å senke terskelen for deltaking i aktivitetar for barn og unge, tiltak som bidreg til å bygge miljø på tvers av generasjonar, og tiltak som skapar engasjement og tilhøyrse i dei ulike grendene i kommunen.

Folkemusikk og tradisjonskultur er ein viktig del av kulturarven vår. Rekrutteringstiltak retta mot barn og unge, som har mål om å vidareføre desse tradisjonane og miljøa, er difor særleg prioriterte.

Tiltak som legg til rette for universell utforming og tilgjenge for alle brukargrupper er eit kommunalt satsingsområde, og blir difor særleg prioritert i tildelinga.

Vi har valt å gi større tilskot til enkelttiltak og nyetablerte foreiningar, med mål om å styrke engasjementet i oppstartsfasen og sikre gode vilkår for gjennomføring av enkelttiltak og utvikling av nye aktivitetar.

Tiltak i andre kommunar, der barn og unge frå Øystre Slidre deltek, har også fått støtte. Dette gjeld primært aktivitetar vi ikkje har tilbod om i eigen kommune.

Søknadar frå private om støtte til vøling av eldre bygningar er ikkje prioriterte, ettersom tiltaka ligg i andre kommunar, eller ikkje er vurderte til å vere tilgjengelege for allmenta.

Samla oversikt over søkjarar og tildelte tilskot i 2026 ligg ved som vedlegg.

Vedtak:

Kommunedirektøren v/ tenesteleiar for kultur gjev i medhald av det kommunale delegasjonsreglementet kr.15.000,- i støtte. Tilskotet skal dekkast av konto 14700.25000.2310betalast ut til konto 2320.29.86315

Med helsing

Øystein Skattebu
Kultursjef

Vedlegg:

Oversikt - tildelt kulturtilskott 2026

Kopi til:

Økonomi

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar